



Tlf 53 75 77 80

Mob 905 95 821

E-post: [egil@kambokraft.no](mailto:egil@kambokraft.no)

[www.kambokraft.no](http://www.kambokraft.no)

NVE

Konsesjonsavdelinga

Seksjon for småkraft v/ Helen Nathalie Liebig Andersen

Etne, 15.09.2017

## Søkars kommentarar til innkomne høyringsfråsegn:

### Direktoratet for mineralforvaltning:

Søkar har ingen kommentar til innkomen fråsegn, då fråsegna opplyser at planen ikkje rårar registrerte førekomstar av mineralske ressursar av regional, nasjonal eller internasjonal verdi.

### Fylkesmannen i Hordaland:

Søkar takkar for innkomen fråsegn frå Fylkesmannens miljøvernavdeling, og konstanterar at Fylkesmannen har få merknader til utbygginga. Søkar har vidare ingen kommentar til fråsegna.

### Aage Johannesen:

De skriv at KAMBO Energi AS ikkje har avtale med Dykk.

Det er korrekt at Kambo Energi AS enno ikkje har ein signert utbyggingsavtale med grunneigarane, men KAMBO Energi AS har avtale med representanten for grunneigarane ( Jacob Bull Tornøe) om å ta over konsesjonsanvaret for Valdra då førre aktør plutselig valde å trekka seg.( samt dei 2 første ) KAMBO Energi AS heldt lovnaden og valde då å prioritera å laga konsesjonssøknaden og få den inn først av alt. Dette er eit omfattande og kostbart arbeide. Straks etter at konsesjonssøknaden var ferdig vart det halde eit informasjonsmøte i Skånevik om den vidare prosessen, der alle grunneigarane vart invitert med. Eit utkast til utbyggingsavtale vart gjennomgått samstundes som prosjektet også vart gjennomgått. Konsesjonssøknaden vart sendt inn, og kom straks ut på høyring. Etter dette møtet i regi av KAMBO Energi AS veit eg at det vart det halde eit grunneigarmøte, der alle grunneigarane fekk komme med innspel til kontraktutkastet. Dette var i juni 2017. Grunneigarane hadde eit samla innspel/forhandling til avtaleutkastet. De har no fått tilsendt ein ny kontrakt som er revidert etter innspela frå grunneigarmøtet, og eg håpar på at denne vert tatt godt imot, og ser fram til eit hyggeleg samarbeid.

### Leif Bernard Åsheim:

Innleiingsvis kjem ein inn på same problemstilling som førre fråsegn, og eg visar til mine kommentarar til den. På grunn av viktigheita med å få laga ferdig konsesjonssøknaden først, har det beslaglagt all tid fram til opplysningsmøtet på forsommaren, der eg gjekk gjennom alle detaljar. Diverre kom ikkje du på dette møtet, men eg takkar for gode innspel til kontrakten som eg fekk tilbakemelding på. Etter grunneigarmøtet vart det sommarferie, også var hausten over oss. De har no fått tilsendt eit

oppdatert avtaleutkast på ein utbyggingsavtale som eg håpar og trur fell i smak, og beklagar at eg ikkje har hatt kapasitet til å produsera raskare enn eg har gjort.

De skriv vidare at De meiner at søknaden er upresis kva angår vegar. Det er mogleg at det kunne vore meir detaljar her, men dette er ein konsesjonssøknad, ikkje ein detaljplan for landskap og miljø. Etter at det evt vert gitt konsesjon, må me setta oss ned i lag med grunneigarane og planlegga diverse detaljar som riggområder, tippar, masselagringsstader, materiallagringsstader osv.

Du skriv vidare at det er uvisst om dine vegar vert råka, så vidt eg kan sjå ligg dine vegar utanfor tiltaksområdet.

Det er planlagt ny veg i området Rabben - Valdra, som det er gitt løyve til og som er begynt, og det er min intensjon å byggja denne vegen på prosjektets kostnad då denne vegen skal nyttast av KAMBO Energi as til bygg og drift. Valdra Kraftverk vil etter bygging delta i vedlikehald av vegar som vert bygd/nytta av kraftverket. Alle som har vegrett i denne traseen vil jo sjølv sagt kunne nytta seg av den etterpå. Vegen er tenkt bygd frå der den kommunale vegen i dag endar, dvs opphavleg trase over Rabben i starten. Vegen som i dag går ifrå Lars Rune Langhelle sin eigedom til området Treo, er ikkje ein felles veg. Dette er ein privat veg, der ingen andre grunneigarar på Åsheim har vegrett. Eg har fått opplyst frå Ove Tyssebotn at bruken av denne vegstrekinga Rabben –Valdra er bedt om at den vert tatt inn i den pågåande prosessen i jordskifteretten.

Valdra kraftverk tek sikte på å byggje ny trase heile vegen frå kommunal veg og opp til hovudinntaket. I tillegg ynskjer Valdra Kraftverk å nytta seg av eksisterande skogsveg opp til bekkeinntaket ved Grense Jabobs elv. Valdra kraftverk sine bruk av vegar er privatrettslege forhold som vert ivarettatt gjennom utbyggingsavtale mellom oss. Slik det ser ut er det eit akutt behov for ny veg, då oppsittarane på Åsheim utanom Lars Rune Langhelle pr i dag ikkje har forbindelse til skogsvegen opp til Oddane, då den vegen oppsittarane har vegrett på er ein veg rekna på ei driftsform som høyrer langt tilbake i tid.

Når det gjeld omtale av korleis vassvegar, vegar og tilbakeføring av terrenget er tenkt utført, er dette også detaljar som vert ivaretekne gjennom teknisk plan og plan for landskap og miljø som ligg under damsikkerheitsavdelinga, samt miljøtilsynet hjå NVE.

I søknaden er det omtala at røyrene vert overdekka/grove ned. Moderne anlegg i denne storleiken brukar normalt over dekninga av massane til å stabilisera kreftene som påverkar kvart enkelt røyr, slik at dei kan ikkje utan vidare kan liggja over terrenget.

Det er korrekt at det er grunneigarane som disponerar fallrettane, og det er ikkje søkt om , og det er heller ikkje aktuelt å søke om ekspropriasjon av fallrettar.

Eg vil tru ei felles synfaring vil oppklara ein del ting som ikkje er komme like klårt fram i søknaden. Valdra Kraftverk vil om det vert bygd, gi betydelege inntekter til grunneigarane i all framtid. Håpar på eit godt samarbeid vidare☺.

### **Kirsten Åsheim:**

Visar til innkomen fråsegn der De kjem inn på dette med avtaleforhold, visar her til mine tidlegare svar anng saka, der KAMBO Energi AS har avtale med Dykkar representant for alle grunneigarane, Jakob Bull Tornøe, samt tilsendt avtaleutkast som De har behandla, samt fått ny revidert versjon.

De visar til at Ove Tyssebotn har løyve til å byggje veg over dykkar eigedom, som De vidare påstår ikkje lengre er gyldig.

Ove Tyssebotn har vegrett over Dykkar eigedom, på lik linje med dei andre oppsittarane på Åsheim, og det er i prinsippet her vegen vidare opp til både Valdra og Oddane går. Lars Rune Langhelle har ein privat veg opp til sitt område, som startar ved øvre bøen hans og går opp til Treo. Denne vegen har blitt nytta av også andre brukarar, pga dårleg eksisterande veg. Det er altså eit stort behov for oppgradering av eksisterande «veg».

Ove Tyssebotn fekk løyve til å byggja veg den 26.09.2013, ( saks nr etne kommune 2012001212) som var gyldig i 3 år, men som kan forlengast. Vegarbeidet vart begynt med kopling frå eksisterande veg før fristen gjekk ut, og Etne Kommune vart orientert om det, slik at løyvet gjeld framleis.

Eg kontakta Etne kommune om denne saka, men sakshandsamaren var sjukemeldt. Eg vart så kontakta av Etne Kommune V / Erik Kvalheim som ikkje kjende saka så godt, men som opplyste at det uansett ikkje vart noko problem å forlenge /oppdatere løyvet, då saka vart sendt på høyring til både fylkeskommunen som hadde vore på staden i forhold til kulturminnelova, samt fylkesmannen. Hansa også at om arbeidet var påstarta var uansett løyvet gjeldande.

Han opplyste vidare at det ikkje var vanleg med nabovarsel på slike vegsaker.

Håpar at denne forklaringa var opp klarande på vegproblematikken i området.

**Statens vegvesen:**

Søkar registrerar innkomen fråsegn frå Statens Vegvesen, og har ingen kommentar til denne, då tiltaksområdet ligg lengre enn 50 meter frå fylkesveg.

Med venleg helsing



Egil Kambo

Prosjektleder vasskraft- Valdra Kraftverk